

Varaldsøy



VALAHEIA GRUVER

Det er framleis att mykje malm i dei nedlagde gruvene på Varaldsøy. Held dagens prisar og tilgang på malm seg, er det tvilsamt om gruvene kjem i drift att. Men kisen ligg der, skulle det bli marknad for han. På Varaldsøy finst det minst ni gruver og skjerp, som i hovudsak stammar frå siste delen av 1800-talet.

Optimismen var stor då eit engelsk selskap i 1866 fann svovelkis, først i Valaheia og seinare i førekomsten som fekk nemninga Nygruva. Valaheigruvene hadde ein årsproduksjon på opptil 16 000 tonn svovelkismalm den første tida. Fallande prisar reduserte etter kvart aktiviteten, til det var slutt seint på 1800-talet. Sidan vart det drift att i periodar, med størst aktivitet under første verdenskrigen, då 6000 tonn malm vart teke ut.

Førekomsten på Valaheia strekkjer seg djupt ned i undergrunnen frå gruveområdet

Hovudsjakt i Valaheigruva. (Svein Nord)

mot nordvest. Malmen inneheldt vel 40 % svovel og 0,4 % kopar. Malmen frå Nygruva har høgare sink- og koparinnhald, elles er dei nokså like.


Den nye vegen nordover på Varaldsøy gjer det enkelt å ta seg fram til desse gruveområda. Frå sør passerer ein først Nygruva. Her er det restar etter transportsystemet og gruvegangen som malmen vart henta ut gjennom. Lenger mot nord kan du ta til høgre opp den gamle vegen til Valaheia gruver. Malmen finst i store haugar mellom gamle hustufter og køyrevegar. Gruvegangane ligg lenger oppe i dalen. Her kan du sjå ned i over hundre år gamle sjakter, som er rundt 90 meter djupe.



Bekken som renn raud-brun langs vegkanten, ber bod om den jernrike malmen, (Svein Nord)

KARST OG KARREN

Der det er kalk i berget, løyser regnvatnet opp fjellet. Karst er fellesnemninga på slikt oppløyst kalkfjell. Renneforma furer i berget, såkalla karren, utvida sprekkar og skålforma groper er resultatet. Nede i bergmassane vil grunnvatnet kunne løysa opp berget rundt sprekkane og danna grotter, og vatnet kjem ut att på overflata gjennom opne kjelder. Dersom kjeldenivået søkk, vil grottene kunna bli tørre, slik at vi kan gå inn i dei. I slike tørrlagde grotter blir det danna dryppstein, stalaktittar som heng i taket, og stalagmittar som står opp frå golvet. Dryppstein er det ikkje så mykje av i Noreg, fordi det er for kaldt. Studiet av grotter blir kalla speleologi, og mange stader er grotteklattring («grotting») ein populær sport.



Både langs søraustsida, som her på Skjelnesodden, og nordvestsida av Varaldsøy, kan vi sjå lag med omdanna kalkstein, marmor, i fjellet. Det er truleg den same sona som er falda og beng saman i djupet. Marmoren på Varaldsøy er den nordaustlegaste marmorførekomsten av noko omfang i Sunnbordland-Hardangerområdet. Bergarten har vore broten mange stader nær Skjelnesodden. Stripinga i berget har si årsak i ulik oppløysing av marmorlaga. (Foto: Svein Nord)

På Gjuvsland, på søraustsida av Varaldsøy, ligg Gildrebola, største karstgrotta i Hordaland. Grotta, som er ca. 50 meter lang, har vore kjend i lang tid, i alle høve frå 1800-talet. Bekken som forsvinn ned i grotta, går til ein vasslås, og renn derifrå nokre hundre meter i undergrunnen til ei lita kjelde lenger nede i lia. (Foto: Stein-Erik Lauritzen)



SVOVELKIS



Svovelkis, eller pyritt, finn ein overalt i gruveområdet. Svovelkis er eit massingull, skinande metallisk mineral som gjerne dannar terningforma krystallar. Det er samansett av jern og svovel og blir nytta til dømes til produksjon av svovelsyre. Til vanleg gir gull og kopar, som følgjer svovelkisen, den største økonomiske vinninga. Mange har forveksla den gylne svovelkisen med gull.

(Foto: Haakon Fossen)